

PPT Midt Ryfylke

Finnøy – Forsand - Hjelmeland - Strand



Informasjon om obligatoriske vedlegg ved tilvising til PPT

Tilvisingar som ikkje oppfyller dei krava som er nemnt i dette skrivet vil bli returnert til tilvisande instans.

PPT minner elles om at før barnehagar/skular tilviser ei sak til PPT skal dei alltid ha gjort eit stykke arbeid for å forstå, løysa eller avhjelpa dei vanskar eller problem barnet har. Viser til PPT sitt forslag til prosedyrer i samband med tiltak i skulen for barn og unge med særlege behov i Midt-Ryfylke” , samt ”Veiledning, spesialundervisning i grunnskule og vidaregåande opplæring” KUF 2001

- **Alle** som ønsker hjelp frå PPT Midt Ryfylke skal nytta skjema for tilvising (datert august 2013)
- Ved **systemsaker** skal punkta 4-10 fyllast ut.
- Ved **systemsaker** skal skulen alltid gi informasjon om kva mogelegheiter dei har for å leggja til rette for TPO (nytt evt. registreringsskjema utarbeida av PPT Midt Ryfylke).
- Ved **individsaker** skal alle punkta i skjemaet for tilvising fyllast ut.
- Ved **individsaker** skal det og alltid leggst ved følgande dokumentasjon:

Barnehage	
	TRAS
	Pedagogisk rapport - barnehage (bruk mal utarbeida av PPT Midt Ryfylke)
	ALLE MED
Grunnskule	
Barnetrinnet	
	Pedagogisk rapport - grunnskule (bruk mal utarbeida av PPT Midt Ryfylke)
	Profilark frå Språk 6-16
	ADDES (kun ved problem med impulsivitet, oppmerksamheit eller hyperaktivitet)
Ungdomstrinnet	
	Karakterutskrift
	Pedagogisk rapport - grunnskule (bruk mal utarbeida av PPT Midt Ryfylke)
	Profilark frå Språk 6-16
	ADDES (kun ved problemer med impulsivitet, oppmerksamheit eller hyperaktivitet)

Kva kan PPT tilby?	
Individsak	
Undersøking/utgreiing og rådgjeving	<p>Dersom føresette/barnehage/skule er uroa for barnet/eleven sin utvikling, han/ho har fagleg problem, åtferdsproblemer eller lignande kan PPT undersøka problematikken, utgreia barnet sine mogelegheiter og avgrensingar og slutføra utreiinga/undersøkinga med konklusjon og råd om vidare tiltak/oppfølging.</p> <p>Saksgang:</p> <ul style="list-style-type: none"> • PPT går igjennom tilvising med vedlegg og drøftar internt kva som kan vera fornuftig innfallsvinkel. • Saka blir tildelt ein eller flere sakshandsamarar som har ansvaret for utgreiinga. • Tilvisar mottek eit svarbrev med informasjon om når PPT kan gå inn i saka. • Utgreiinga blir gjennomført i dialog med dei føresette og tilvisande instans. • Etter utgreiing blir det utarbeida ei skriftleg tilbakemelding, og dei føresette vil alltid få tilbod om muntleg tilbakemelding i tillegg til den skriftlege. • PPT og heim/skule/barnehage avtaler korleis saka skal følgast opp vidare. <p>Saka avsluttast når:</p> <ul style="list-style-type: none"> • PPT har avslutta sakshandsaminga og det etter ei samla vurdering ikkje synest å vera naudsyn for vidare oppfølging. • Føresette eller skule/barnehage, det siste året, ikkje har meldt om omsyn for rettleiing eller annan oppfølging av saka.
Sakkunnig vurdering	<p>PPT er bl.a. sakkunnig instans på følgande områder:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utsatt/framskoten skulestart (oppl.lov § 2-1) • Prioritet ved opptak til barnehage (barnehageloven § 13) • Rett på spesialundervisning i skulen (oppl.lov § 5-1) • Rett på spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder. (oppl.lov § 5-7) • Rett til inntak på særskilt prioritert utdanningsprogram, vidaregåande trinn 1 (oppl.lov § 3-1) • Rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område for voksne (oppl.lov § 4A-2) <p>Saksgang ved sakkunnig vurdering er vanlegvis den same som ved undersøking/rådgjeving, men PPT sitt arbeid vil alltid resultera i en sakkunnig vurdering som må følgast opp av eit enkeltvedtak i kommune/fylkeskommune.</p> <p>Barn /elevar som får tilråding om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning hos PPT etter §5-7 eller 5-1, vil ikkje bli avslutta.</p>
Systemsak	
Konsultasjon og rettleiing	<p>Personalet i skular og barnehagar kan ønska hjelp med situasjonar, elever/barn, grupper eller klasser utan at det er ønskeleg å henvisa enkeltelever til PPT. Personalet kan ha naudsyn for ein annan fagperson å drøfta ting med, hjelp til å vurdere problem og få hjelp til å finna veg til endring/alternativ handling.</p> <p>Konsultasjon og rettleiing er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjensidig forpliktande, men skule/barnehage er ansvarlege for at tiltak blir gjennomført. • Relatert til saksforhold / ei konkret problemstilling • Tidsavgrensa <p>Saksgang:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen/barnhagen tilviser saka som systemsak (nytt tilvisingsskjema) • PPT oppnemner sakshandsamarar som gjer dei nødvendige forundersøkingar, og kjem med eit skriftleg tilbod til skulen om kva me kan medverka til i saka. • Skulen/barnehagen svarar skriftleg på om dei ønsker å ta imot tilbodet, med dei forpliktingar det innber. • Prosjektet skal gjennomførast og evaluerast etter på førehand oppsatt plan. • Saka avsluttast.
Hjelp til kompetanseheving og organisasjonsutvikling.	<p>PPT medverkar bl.a. til kompetanseheving og organisasjonsutvikling gjennom å tilby ulike former for kurs. Skular/barnehager som har spesifikke behov på dette området bes formidla kva dei treng hjelp til og så vil PPT gjera ei vurdering av kva me har mogelegheit til å tilby. Førespurnader om dette skal alltid koma direkte frå rektor/styrer.</p>